



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
31.01.2018
Dykkar dato
13.11.2017

Vår referanse
2016/5279 421.3
Dykkar referanse
16/162

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til offentleg ettersyn av Kommunedelplan Bøvågen i Radøy kommune - Planid 12602016000100

Fylkesmannen har mottatt kommunedelplan for Bø i Radøy kommune til offentleg ettersyn 13.11.2017. Vi viser også til fagmøtet vi hadde med kommunen 23.01.2018 og utsett frist for uttale til 02.02.2018.

Føremålet med planen er å leggje til rette for ny busetnad og aktivitet i samsvar med hovudtrekka i arealføremåla til gjeldande kommuneplan.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, har Radøy kommunestyre i same sak 046/2017 i møte 26/10-2017 gjort vedtak om å leggje ut forslag om oppheving av følgjande reguleringsplanar til offentleg høyring og ettersyn:

PlanID: Plannamn:

12602010000700 Bø reguleringsendring
12601987000100 Krossneset
12601994000100 Nordbø
12601973000200 Bøvågen
12601988000100 Bøvågen bustadfelt (del av)

Fylkesmannen sine merknader

Planforslaget er bra på mange måtar, men har manglar knytt til vurdering av verknaden av planen, ROS, KU og føresegn. Desse temaene vart diskutert på møte med kommunen 23.01.2018.

Konsekvensutgreiing

Det er ikkje laga ei konsekvensutgreiing til planen og det er heller ikkje gjort ei vurdering i planskildringa på om det er naudsynt med ei KU.

KU- forskrifta (FOR-2014-1219-1726) er klar på at kommunedelplanen med områder for utbyggingsformål alltid skal handsamast etter forskrifta. Kommunen må vurdere om nokon av områda som har endra formål kan rekna for områder for utbyggingsformål. Kan dei det må det utarbeidast KU på dei aktuelle områda. Om dei ikkje kan det må kommunen likevel vurdere verknaden av endringane i planskildringa.

ROS

Planskildringa er uklart på kva som er vurdert i ROS-analysen, og det kjem heller ikkje fram kva akseptkriterier som ligg til grunn for vurderingar. Det må komme klart fram kva som er vurdert og om det er nokon risikoar i området. Er det risikoar må det komme klart fram korleis dei skal handterast. Dette er særleg viktig i områder utan plankrav.

I planskildring blir det omtalt at havnivåstiging og klimaendringar utgjer eit farepotensiale og at det er teke inn føresegns som skal sikre at det vert teke omsyn til framtidig havnivåstiging ved bygging i utsette område. I føresegnsene kap. 2.13 står det: «Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstiging og høg vasstand. Bygning som ikkje er sikra mot flo skal plasserast 2,5 meter over 0-vasstand (NN2000). Det kjem ikkje tydeleg fram verken kva kommunen meiner med planlegging og tiltak utført slik at det ikkje tek skade av havnivåstiging og høg vasstand. Det kjem heller ikkje fram kva som er meint med sikring mot flo. Vi tilrår kommunen å syte for at føresegnsene blir meir konkrete i skildring og krav til utforming og tiltak.

Planskildringa

Planskildringa er uklar på tema som ROS, KU og verknaden av planen. I møtet blei det klart at kommunen har gjort mange vurderingar som ikkje kjem fram i planskildringa. Det er viktig at kommunen arbeider vidare med planskildringa slik at verknaden av planen vert klar.

Plankrav

Planen opnar for at fleire områder for bustad skal vere utan plankrav. Dette er områder som er delvis utbygget. Fylkesmannen meiner at det er mykje som skal til for å sleppe plankrav i eit bustadområde. Vi kan likevel sjå at det kan gjerast i områder der det berre står att nokon få fradelte tomter. Vi er spesielt kritisk til at område B09 ikkje skal ha plankrav fordi her er uklart kva verknad dette vil ha på området. Reguleringsplanar er viktige for å få gode buminljø og i dette området er det i tillegg landbruksinteresser.

Føresegn

Når det gjeld føresegn så viser vi til notatet som vart utlevert på møtet.

Konklusjon

Etter møte med kommunen vart det semje om at kommunen skal arbeide vidare med planen. Fylkesmannen vil ta stilling til eventuelle motsegn når vi får eit revidert forslag. Vi ber kommunen bekrefte at vi får utsett frist for å vurdere motsegn til etter at vi har mottatt eit revidert planforslag.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest Postboks 43 6861 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen